

JD 2004001

FØRESEGNER TIL REGULERINGSPLAN FOR DEL AV GNR. 47 BNR. 5,  
ÅSBU, SVEIO KOMMUNE.

1. Det regulerte området er synt med plangrense på reguleringskartet.

2. Byggjeområde for hytter.

I byggjeområdet kan det berre førast opp hytter. Oppføring av frittliggjande uthus er ikkje tillete. Kvar hytte er merkt i terrenget med ein pel eller bolt. Kvar einskildt hytte skal plasserast slik at pelen/bolten fell innanfor grunnmuren. Hyttene kan berre førast opp i 1. etasje og med ei grunnflate på maks. 90 m<sup>2</sup>. Hyttene skal ha skråtak. Eksisterande vegetasjon i byggjeområdet skal vernast så langt råd er.

3. Felles avkøyring/parkeringsplass.

På parkeringsplassen kan det førast opp bosskur. Plasseringa skal godkjennast av bygningsrådet.

4. Felles friområde.

I det felles friområdet er innlagt gangstiar. Desse kan opparbeidast i intil 1 m breidde.

5. Felles naust/båtopplagplass.

I området for naust/båtopplagplass kan det byggjast kaiar og andre innretningar for fortøyning og opplag av småbåtar. Det kan førast opp fellesnaust i området. Bygningar og anlegg må godkjennast av bygningsrådet.

6. Felles føresegner.

Eksisterande vegetasjon i planområdet skal vernast så langt råd er.

Ved handsaming av byggjesakene skal bygningsrådet sjå til at bygningane får ei god form og materialhandsaming.

7. Der særlege grunnar talar for det, kan bygningsrådet innanfor ramme av bygningslova og bygningsvedtektene for Sveio kommune, gjera mindre vesentlege unntak frå desse reguleringsføresegnene.